




KVINNHERAD
KOMMUNE

Godkjenning av barnehagar

Kvinnherad kommune - Rutinar





Innhald

LOVGRUNNLAG	3
1. Kvinnherad kommune sitt ansvar, jf. barnehagelova § 8	4
2. Plikt til å søkja godkjenning , jf. barnehagelova § 6.....	4
3. Barnehageeigar/utbyggjar sitt ansvar, jf. barnehagelova § 6.....	5
4. Barnehagen skal godkjennast etter	5
5. Samarbeid ved godkjenning av barnehagar	6
6. Godkjenning av barnehage etter barnehagelova § 10	7
7. Vedtak om godkjenning av barnehagar, jf. barnehagelova § 10.....	8
8. Sjekkliste for barnehagemynde ved vurdering av godkjenning	9
9. Kommunalt tilskot til private barnehagar, jf. barnehagelova § 14.....	10
Søknad om godkjenning av ordinær barnehage	11



Bilde i dokumentet:
Undarheim barnehage
Mauranger barnehage
Rosendal barnhage

LOVGRUNNLAG

Lov om barnehager

- § 6 Virksomhetens plikt til å søke godkjenning
- § 8 Kommunens ansvar
- § 10 Godkjenning
- § 11 Familiebarnehager
- § 12a Rett til plass i barnehage
 - Sikra at det er nok barnehageplassar i høve til lovkrav
- § 16 Tilsyn
 - Sikra at barnehagedrift er i samsvar med lov og forskrifter.
 - Barnehagane skal vera eigna til føremålet, jf. barnehagelova §§ 1,1a og 2

[Godkjenning av barnehager – UDIR](#)

[Rettleiar - Godkjenning av barnehagar](#)

[Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager](#)

1. Kvinnherad kommune sitt ansvar, jf. barnehagelova § 8

Kvinnherad kommune har hovudansvar for at det vert etablert barnehagar som stettar krava i regleverket og som sikrar eit likeverdig og pedagogisk tilbod. Barnehagar skal godkjennast av kommunen før dei kan opna. Godkjenningsordninga skal sikra at det vert etablert gode barnehagar.

Kvinnherad kommune skal gje informasjon om krav som vert stilte i høve til godkjenning av barnehage og gje rettleiing til aktørar som ynskjer å etablera barnehage i kommunen.

Barnehagemynde pliktar å gjera greie for barnehagedekninga i kommunen og det eksisterande tilbodet, slik at utbyggjar kan danna seg eit realistisk bilde av behov for barnehageplassar.

Det er fri etableringsrett. Barnehagar som ein finn eigna i tråd med føresegne om føremål og innhald i barnehagelova, har såleis rett til godkjenning.

I denne planen er Kvinnherad kommune sine retningslinjer knytt til søknadsprosessen og fram mot vedtak om godkjenning av barnehagar.

2. Plikt til å søkja godkjenning , jf. barnehagelova § 6

Verksemder som har ansvar for barn under opplæringspliktig alder, pliktar å søkja godkjenning som barnehage når:

1. Barnehagen skal verta drive på regelmessig basis og minst eitt av barna har eit opphold per veke på meir enn 20 timer
2. Tal barn som er til stade samtidig er ti eller meir når barna er tre år eller eldre, eventuelt fem eller fleire når barna er under tre år
3. Omsorga for barna skjer mot betaling

Barnehagar som ikkje oppfyller kriteria (t.d. opne barnehagar) kan velja å søkja godkjenning.

3. Barnehageeigar/utbyggjar sitt ansvar, jf. barnehagelova § 6

Det skal søkjast om godkjenning:

- Ved etablering av ny barnehage
- Ved store aktivitetsendringar/utviding av eksisterande barnehage (nybygg, påbygg, drift i mellombels lokale)
- Ved flytting av barnehage
- Endring av organisasjonsform
- Eigarskifte (vert vurdert i det einskilde tilfellet)

Barnehageeigar bør tidleg ha kontakt med kommunen for å sikra best mogleg prosessar i samband med etablering av barnehage. Kommunen gjev rettleiing om grunnlag for godkjenning. Barnehageeigar må ved søknadstidspunkt dokumentera at ute- og inneareal tilfredsstiller lovkrav og at drifta vil kunna skje i samsvar med gjeldande regelverk.

Barnehageeigar pliktar til å driva verksemda i tråd med gjeldande regelverk med omsyn til både pedagogisk innhald og helse, miljø og tryggleik.

Ved eigarskifte og nedlegging av barnehagar, må eigar melda dette til kommunen.

4. Barnehagen skal godkjennast etter

- Lov om barnehager med forskrifter
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skole
- Plan- og bygningslova
- Brannvesenet
- Arbeidstilsynet (ansvar knytt til arbeidsmiljølova)

Barnehagelova § 6 regulerer kven som har plikt til å søkja om godkjenning.

Barnehagelova § 10 regulerer godkjenning av barnehagar.

Leikplassutstyr og anna utstyr skal ikkje godkjennast etter barnehagelova. Barnehageeigar har likevel plikt til å syna aktsemrd og gjera tiltak for å førebyggja skade, jf. Produktkontollova og Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr og Forskrifter om internkontroll.

5. Samarbeid ved godkjenning av barnehagar

Andre lovverk stiller krav til barnehagen, jf. oversikt i pkt. 4. Dei aktuelle kommunale instansane er sjølve ansvarlege for handheving av eige regelverk, men barnehagemynde må leggja opp til eit nært samarbeid med dei aktuelle etatane.

Etter § 17 i Forvaltningslova skal kommunen sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det vert gjort vedtak. I dette ligg at godkjenningsmynde må klargjera vilkåra som andre instansar stiller før godkjenning kan gjevast.

MYNDEOPPGÅVER – GODKJENNING ETTER ANDRE LOVVERK

Rettleiar s. 9 gjev informasjon om krav som vert stilte i andre regelverk enn barnehagelova. I tillegg til barnehagemynde er det tre kommunale mynde som er særleg aktuelle i samband med godkjenning av barnehagar:

1. *Plan- og bygningsmyndighetene* : søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 93
2. *Helsemyndighetene*
 - Forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler
 - Krav om internkontroll/internkontrollsysten
3. *Brannvesenet*: barnehagar er vurdert som "særskilt brannobjekt"
4. *Arbeidstilsynet*: ansvar i høve til arbeidsmiljølova.


Godkjenning må føreliggja før det vert gitt byggjeløyve



6. Godkjenning av barnehage etter barnehagelova § 10

Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a og 2. Kommunen kan ved godkjenningen sette vilkår for driften med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Barnehagelova § 10



Barnehagen skal vera godkjent før verksemda kjem i gang.

DOKUMENTASJON FØR GODKJENNING

- Vedtekter/utkast til vedtekter skal leggjast ved når ein søker kommunen om godkjenning. Vedtekten skal mellom anna gje opplysningar om føremål, opptaksriterium og opningstider, jf. barnehagelova § 7 og rettleiar om godkjenning av barnehagar
- Barnehageeigar skal leggja fram politiattest før godkjenning
- Alle tilsette/personar som er regelmessig i barnehagen, skal levera politiattest
- For å sikra samarbeidet med barna sin heim skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval
- Barnehagen skal føra internkontroll

VURDERAST VED GODKJENNING

- Føremål/innhald, jf. barnehagelova §§ 1, 1a og 2. Skisse til årsplan bør leggjast fram
- Lokale/uteområde
- Leike- og oppholdsareal inne og ute

Rettleiande arealnorm:

 - Inne: 4 m² inne for barn over 3 år/5.3 m² for barn under 3 år
 - Ute: seks gonger så stort som leike- og oppholdsareal inne
- Bemanningsplan -> driva tilfredsstillande pedagogisk verksem
- Styrar – pedagogdekning – barne- og ungdomsarbeidar/assistent
- Barnegruppe: tal på barn – alder – oppholdstid

7. Vedtak om godkjenning av barnehagar, jf. barnehagelova § 10

Vedtak om godkjenning skal vera skriftleg og grunngjenvast, jf. rettleiar for godkjenning av barnehagar s.21. Det skal visast til regelverk som vedtaket byggjer på.

Førebels svar skal gjevast dersom søknaden ikkje kan verta handsama innan ein månad frå kommunen har motteke han.

Kommunen kan avslå søknad om godkjenning om barnehagen ikkje er eigne til å oppfylla krava til føremål og innhald.

Vedtaket om godkjenning av barnehage er eit enkeltvedtak, jf. Forvaltningslova § 2 og rettleiar pkt. 6. Det skal opplysast om klagerett, -frist og innsynsrett.

Klage på vedtaket skal sendast innan ein frist på tre veker frå vedtaket vart motteke, og den skal sendast til den instansen som har fatta vedtaket. Klagen skal grunngjenvast og det skal opplysast om kva ein ynskjer å endra på i vedtaket. Vert vedtaket oppretthalde, vert saka sendt til Fylkesmannen for endeleg klageinstans.

INFORMASJON I VEDTAK

- Kva søknaden gjeld
- Namn på søker/eigarform
- Planlagt opningsdato
- Barnehagen si driftsform
- Motteken dokumentasjon
- Vilkår for drifta med omsyn til
 - Leike- og oppholdsareal
 - Tal barn (utgangspunkt: barn over 3 år)
 - Opphaldstid
- Vedtekter
- Politiattest (godkenningsmynde skal registrera at politiattest er levert)
- Vilkår sett av andre myndigheter før godkjenning kan verta gitt?
- Vedtak om privat barnehage vert godkjent med eller utan kommunale tilskot

Den endelege godkjenninga må vera på plass før drifta kan setjast i verk.

Barnehageeigar må etter godkjenning registrera barnehagen i einingsregisteret.

8. Sjekkliste for barnehagemynde ved vurdering av godkjenning

1. Vurdera barnehagens fysiske rammer, dvs. lokale og uteområde:

- Høve for leik, livsutfaldning og aktivitet (§ 2)
- Trygge og samtidig utfordrande omgjevnadar (§ 1)
- Omsyn til m.a. barnets alder og ulike funksjonsnivå (§ 2)
- Eigna for alle aldersgrupper – berre for store eller berre for små barn. Det er høve til å setja vilkår, jf. § 10 andre ledd
- Er barnehagen innanfor/utanfor tilrådd arealnorm
- Friluftsbarnehage: særskilt vurdering, jf. rettleiar kap. 4.3.3

2. Vurdera om barnehagen er eigna som pedagogisk verksemd:

- Bemanningsplan. Vil drifta etter planen bli forsvarleg? (merknader til § 2)
- Kan barnehagetilbodet oppfylla lov og rammeplanen sine krav til barnehagens innhald (merknader til § 2)
- Vedtekter eller utkast til vedtekter. Stettar dei lovkrav?
- Open barnehage – spesiell vurdering

3. Skal det setjast vilkår?

- Tal barn, alder og oppholdstid
- Andre vilkår for at drift skal vera i tråd med barnehagelova?

4. Krav om politiattest, jf. forskrift om politiattest i barnehage

Kommunen skal ved godkjenning innhenta politiattest frå barnehageeigar, eigar av barnehagens lokale og deira familiemedlemmer dersom dei har høve til å vera i direkte kontakt med barna i barnehagen.

Kommunen vurderer om merknad fører til avslag på søknad om godkjenning.

Kommunen skal ikkje godkjenna når attest er kravd, men ikkje levert.

Barnehagemynde skal registrera (dato/signatur) at politiattest er innhenta og vurdert.

9. Kommunalt tilskot til private barnehagar, jf. barnehagelova § 14

Kommunen har plikt til å rettleia dei som ynskjer å starta barnehagar. Etter at barnehagesektoren vart rammefinansiert, kan kommunen gje tilskot til private barnehageeigarar som søker om dette, jf. barnehagelova § 14 og [Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager](#).

Det er å tilrå at det vert søkt om kommunalt tilskot før utbygging av barnehage tek til.

Søknader vert avgjort ved politisk handsaming, og behov for barnehageplassar vil ha innverknad på om søknad om kommunalt tilskot vert innvilga eller ikkje. Kommunen skal informera om vilkår knytt til tilskot.

SØKNAD OM KOMMUNALT TILSKOT VED

- Etablering av ny barnehage: straks det er planar om etablering av barnehage
- Utviding av eksisterande barnehage
- Flytting av barnehage





Søknad om godkjenning av ordinær barnehage

Lov om barnehager § 10

Søkjars namn og adresse		Telefon	
		Epost	
Barnehagens namn og adresse	G.nr	Br.nr	
	Org.nr.		
	Telefon		
	Epost		
Kontaktperson	Telefon		
	Epost		
Byggefirma – namn og adresse	Telefon		
	Epost		
BARNEHAGEN HAR SØKT FYLGJANDE			
		Ja	Nei
Kvinnherad kommune			
<ul style="list-style-type: none"> - Søknad om tiltak - Sendt inn nabovarsel - Lagt ved ansvarsrettar frå byggjefirma 			
Miljøretta helsevern			
Arbeidstilsynet			
Brannvesenet			

VEDLEGG TIL SØKNADEN

	Ja	Nei
Planteikningar i målestokk		
Situasjonsplan		
Fasadeteikningar		
Barnehagen sine vedtekter/ev. utkast til vedtekter, barnehagelova § 7		
Politiattest frå eigar, jf. barnehagelova § 19. Politiattest vert makulert etter at den er lagt fram		

Utfyllande informasjon i høve til vedlegg:

BARNEHAGENS DRIFTSORDNING				
Areal bygning	Areal tomt			
Leike- og oppholdsareal inne m ²	Leike- og oppholdsareal ute m ²			
Eigar si norm for arealutnytting	Barn under 3 år	Barn over 3 år		
Barnetal	Aldersgruppe			
Opningstid	Dagleg	Månader pr. år		
Annan informasjon om driftsform				
Planlagt opning av barnehagen (månad – år):				
INFORMASJON OM STILLINGAR – ÅRSVERK – UTDANNING				
	Årsverk totalt	Utdanning		
Styrar		Barnehagelærar	Barne- og ungdomsarbeidar	Anna
Styrarassistent				
Pedagogisk leiar				
Barne- og ungdomsarbeider				
Assistent				
Andre				
Utfyllande informasjon:				

SKILDRING AV BARNEHAGEN SI DRIFTSFORM OG INNHOLD, jf. barnehagelova §§ 1, 1a og 2.

- Om barnehagen har særleg pedagogisk profil, pedagogisk og administrativ leiing m.v., må det informerast om
- Legg gjerne ved skisse til årsplan

Stad/dato	Søkjar si underskrift
------------------	------------------------------

Send søknad til:

Kvinnherad kommune – Rosendalsvegen 10 – 5470 Rosendal